

KJELL ARNE BREKKE OG ANNEGRETTE BRUVOLL:

Måleeininga er viktig i nytte-kostnadsanalysar

Pengar som måleeining favoriserer miljøinteresser

i nytte-kostnadsanalyse gjev
uttrykk for samfunnet sin
nettovinst ved eit prosjekt.

**Standardprosedyren er å rekne
nettovinsten for kvar person i kroner og
så summere over alle personar.**

Eventuelt kan ein rekne nettovinsten i andre einingar, til dømes miljøeininger når ein ser på miljøprosjekt. Det viser seg at valet av måleeining er svært viktig. Verdien av miljøgode kan endrast kraftig dersom ein endrar måleeininga, fordi vektlegginga av nyteendringane til ulike grupper blir blesne opp og skrumpa inn alt etter måleeining. Ulike val vil derfor ha mykje å seie for kva interessegrupper som blir tilgodesette i reknestykket, noko som problematiserer nytte-kostnadsanalysar som reiskap for å vurdere offentlege gode. Vi skal diskutere i kva grad det tradisjonelle valet av pengar som måleeining er riktigare enn andre måleeiningar.

Med aukande medvit om miljøverdiar melder spørsmålet seg om etter kva kriterie ein skal vege miljøomsyn opp mot andre omsyn. Undersøkingar om betalingsvilje blir stadig meir brukt i denne samanhengen. Her blir miljøet verdsett på ein skala på linje med andre gode, nemleg i kroner og øre. Valet av kroner som måleeining er avgjerande for korleis ein til sjunde og sist verdset miljøet. Vi skal i denne artikkelen vise at ulike måleeiningar favoriserer ulike interessegrupper.

Taparar og vinnarar i offentlege miljøprosjekt

I samfunnsøkonomiske velferd-vurderingar blir samla betalingsvilje brukt som eit uttrykk for samla nyteauke ved å gjennomføre eit prosjekt. Samla betalingsvilje kjem ein fram til ved å summere kronebeløpa dei enkelte er villige til å betale for den oppgjevne miljøendringa. Dersom differansen mellom samla betalingsvilje og samla kostnader er positiv, vert prosjektet sett på som samfunnsøkonomisk lønsamt.

At eit enkelttiltak er samfunnsøkonomisk lønsamt, vil ikkje nødvendigvis seie det er lønsamt for alle. Det vil nesten alltid vere nokon som tapar på miljøtiltak. Enkelte bilistar protesterer på auka CO₂-avgifter, fordi dei ikkje er villige til å betale høgare bensinpris for å betre miljøet. Betra luftkvalitet kostar meir enn det smakar. Mange opplever at skatteauke som finansieringskjelde for offentlege miljøprosjekt kostar for mykje i form av redusert materiell levestandard. Andre igjen vil gladeleg betale det det kostar og meir til, kanskje fordi betra miljø gjev ei vesentleg auke i livskvaliteten. Når betalinga ein blir pålagd er uavhengig av betalingsviljen, vil berre unntaksvist absolutt alle vere einige i at vinsten er minst like stor som innsatsen. Dette skil offentlege gode frå fritt omsette marknadsgode, der ein kan tilpassa konsumet slik at prisforholdet er lik marginal substitusjonsbrøk. For miljøgode er det i så fall heilt tilfeldig at forholdet mellom nytten av miljø og andre gode svarer til det ein må betale over ei gitt skattlegging.

Dersom mange ulike miljøprosjekt vert gjennomførte, vil det variere frå gong til gong kven som vinn og kven som tapar. Det kan argumenteraast for at så lenge kvart


prosjekt er samfunnsøkonomisk lønsamt, vil summen av mange prosjekt føre til at alle får det betre. For kvar enkelt er velferdsauken av dei «gode» prosjekta til saman større enn velferdstapet av dei «dårlege» prosjekta. Stemmer dette, kan politikarane vere visse på at berre dei gjennomfører mange nok prosjekt treng dei ikkje ta omsyn til taparane kvar enkelt gong. Alle vil nemleg vinne i det lange løp. Men argumentet gjeld berre så lenge det varierer frå gong til gong kven som tapar. Dersom dei same vinn og tapar systematisk, risikerer ein i det lange løp ei uønska skeiv fordeling av velferden. Vi skal i den vidare drøftinga vise at det er miljøvernaraane sine interesser som systematisk blir lagde til mest vekt når ein på tradisjonell måte måler betalingsviljen i kroner.

1. Miljø målt i kroner eller kroner målt i miljø?

Walras viste at prisen med ein numéraire lett kan reknast om til prisen med ein annan numéraire, noko som viste at valet av måleining ikkje har noko å seie for samanveginga av totalnytten for enkeltindivid. Men kva når ein veg saman nytteendringar for fleire? Då er det ikkje lengre likegyldig kva måleining ein brukar. Tvert i mot vil ulike måleiningar systematisk favorisere enkelte gruppeinteresser og diskriminere andre. Sidan folk verdset fellesgode svært forskjellig, kan dei praktiske utsлага bli store.

Ulik betalingsvilje: Frik og Japp

For å illustrere poenget skal vi tenkje oss eit samfunn med to individ som vurderer følgjande miljøprosjekt: Ei betring av miljøet med ei miljøeining¹ til ein kostnad av 2 kr., som vert likt fordelt med 1 kr. på kvart individ. «Frik», som er positivt innstilt til miljøvern, er villig til å betale 100 kr. for denne betringa og vil altså gjerne ha



Kjell Arne Brekke, *cand. scient fra 1983 og Dr. polit fra Universitetet i Oslo, 1990, er forsker i Statistisk sentralbyrå*

prosjektet gjennomført. «Japp», som er meir oppteken av pengar, vil berre betale 0,01 kr. Til saman vil dei to betale 100,01 kr. Ei nytte-kostnadsanalyse vil derfor konkludere med at den samla vinsten (100,01 kr.) ligg langt over samla kostnader (2 kr.), og at prosjektet derfor er samfunnsøkonomisk lønsamt. Her er på tradisjonell måte kroner brukt som måleining.

Av tabell 1 ser vi at Frik vinn 99 kr. Frik slepp å betale meir enn 1 kr., medan ho var villig til å betale 100. Japp derimot tapar 99 øre, sidan ho berre ville betale 1 øre for miljøbetringa og må betale 1 kr. Den samla vinsten vert positiv, 98,01 kr. Japp sitt tap i forhold til Frik sin vinst er så lite at det blir Frik som får gjennomslag for sitt syn.

I staden for å rekne den enkelte sin vinst og kostnad i kroner skal vi bruke miljøet som måleining, sjå tabell 2.

Frik, som ville betale 100 kroner for 1 miljøeining, vil med andre ord godta å betale 1 kr. for ei miljøbetring på minst 0,01 miljøeining.² Japp krev tilsvarande ei miljøbetring på 100 miljøeininger for å akseptere kostnaden på 1 kr. Frik krev mindre betring av miljøet, fordi også små betringar har stor verdi for henne samanlikna med pengar.

Her får Frik meir miljø enn ho krev. Ho krev berre 0,01 og får 1, altså vinn ho 0,99 miljøeininger. Japp krev 100 og får 1, ho tapar dermed heile 99 miljøeininger. I dette tilfellet er det Japp som veg tyngst, den samla vinsten vert negativ, -98,01 miljøeininger. Når tap og vinning blir rekna i miljøeininger, må miljøbetringa vere større enn det gjennomsnittlege miljøkravet for at prosjektet skal kome positivt ut. Her er det gjennomsnittlege miljøkravet $100,01/2 = 50,005$ miljøeininger, medan betringa berre var 1 eining.

Tabell 2. Miljø som måleining.

	Miljøkrav for 1 krone	Prosjektet gjev	Vinst i miljø
Frik	0,01	1	0,99
Japp	100	1	-99
Samla	100,01		-98,01

100,01 miljøeininger for 2 kr. svarer til 0,0199 kr./miljøeining

¹ Ei miljøeining kan ha ulikt innhold avhengig av prosjektet. Måleininga kan variere frå til domes tonn svovelutslepp til kvadrat-kilometer urskog.

² Her føreset vi at nyttefunksjonen er tilnærma lineær i det aktuelle området.

Tabell 1. Kroner som måleining.

	Betalingsvilje for 1 miljoeining	Prosjekt-kostnad	Vinst i kroner
Frik	100	1	99
Japp	0,01	1	-0,99
Samla	100,01	2	98,01

Gjennomsn. betalingsvilje: 50,005 kr./miljøeining


Måleeining av nytte-kostnadsanalyser

Dømet viser at det ikkje er likegyldig for resultatet kva måleeining ein brukar. I dette tilfellet gjev dei to rekne-måtane ulike svar for korvidt miljøprosjektet er samfunnsøkonomisk lønsamt og om det bør gjennomførast. Forskjelen på rekne-måtane er systematisk. Med kroner som eining er Frik sin betalingsvilje 10000 gongar større enn Japp sin. Frik sine interesser blir sterke vektlagde i dette tilfellet enn når miljø er måleeining. Når miljøet er måleeining er det Japp sitt krav til miljøkompensasjon som får gjennomslag, ved at Japp krev 10000 gongar meir miljø for prosjektkostnadene enn Frik.

For Frik har kroner liten verdi samanlikna med miljø. Ei bestemt nytteendring blir derfor eit lite tal om miljø blir brukt som eining, og eit stort tal om kroner blir brukt som eining. For Japp er det omvendt. For henne har pengane den relativt største verdien. Ei bestemt nytteendring for Japp vert derfor eit lite tal i kroner, men eit stort tal i miljø. Når ein går frå kroner til miljø, vil Frik si nytteendring bli kraftig skrumpa, medan Japp si nytteendring blir blesen opp. Omvendt om ein går frå miljø til kroner som måleeining.

Miljøvernaren og materialisten

Vi skal vise poenget ved å ta utgangspunkt i indifferenskart for to personar som har ulik avveging mellom pengar og miljø. Eit indifferenskart illustrerer nettopp kva ein er villig til å avstå av eit gode, materielle verdiar, for å oppnå ei viss mengde av eit anna, her miljø.



Utrekning av gjennomsnittleg betalingsvilje ved forskjellig måleeining.

Avvegingane er representerte ved indifferenslinjene til ein miljøvernare (I_v) og ein materialist (I_M). Miljøet er det same for begge (E_0), og vi går også ut frå at begge startar ut med same inntekta (Y_0). Den enkelte si indifferenslinje viser kombinasjonar av pengar og miljø som gjev like stor nytte. Ein inntektsreduksjon må motsvarast av ei langt større miljøbetring for materialisten enn for miljø-

vernaren for at nytten skal vere den same etterpå. Det er fordi miljøbetrinna er mykje mindre verdt i kroner for materialisten enn for miljøvernaren. Når utgangssituasjonen er den same for begge, vil altså materialisten si indifferenskurve vere brattare enn miljøvernaren si.

Først skal vi bruke kroner som måleeining. Spør ein om gjennomsnittleg betalingsvilje for å betre miljøet til til dømes E_1 , svarer materialisten $Y_0 - Y_M$ og miljøvernaren $Y_0 - Y_v$. Dette gjev ein gjennomsnittleg betalingsvilje på $Y_0 - \frac{Y_M + Y_v}{2}$. Tenkjer vi oss at vi spurde for alle nivå for miljøbetring, ville ei gjennomsnittskurve I_a tre fram. I_a kjem fram som ei horisontal gjennomsnittsutrekning av dei to indifferens-kurvane. I nytte-kostnadsanalyser vert denne kurva gjerne tolka som eit uttrykk for **samfunnet** sine preferansar; samfunnet sin gjennomsnittlege betalingsvilje for eitkvar miljøprosjekt er å finne på denne linja. Men det er altså gitt at kroner er måleeininga.

Tilsvarande kan ein gjere ei vertikal gjennomsnittsutrekning av dei to indifferens-kurvane. Då er miljøet måleeining. Gjennomsnitts-kurva I_b uttrykkjer gjennomsnittleg miljøkrav for einkvar inntektsreduksjon. Spør ein til dømes om kor mykje kvar enkelt krev i miljøbetring for å redusere inntekta til Y_1 , er det gjennomsnittlege kravet E_b . Gjennomsnittskurva her er brattare enn I_a ³ og ligg dermed nærmere materialisten si indifferens-kurve og hennar interesser.

Styresmaktene vil no undersøke om eit prosjekt som betrar miljøet frå E_0 til E_1 til ein kostnad som gjennomsnittleg reduserer inntektene frå Y_0 til Y_1 er samfunnsøkonomisk lønsamt. Prosjektet er samfunnsøkonomisk lønsamt dersom den gjennomsnittlege betalingsviljen minst er like stor som differansen mellom Y_0 og Y_1 .

Av I_a kan ein avlese at ein i gjennomsnitt er villig til å redusere inntekta til Y_a for ei betring av miljøet til E_1 . Den gjennomsnittlege betalingsviljen er større enn prosjektkostnadane, då prosjektkostnadane tilsvarar ein gjennomsnittleg inntektsreduksjon til Y_1 . Når kroner er måleeining, tilseier analysen altså gjennomføring av prosjektet. Av I_b kan ein avlese at ein i gjennomsnitt berre er villig til å redusere inntekta til Y_b for ei betring av miljøet til E_1 . Dette er ein mindre reduksjon enn prosjektkostnadane, noko som tilseier skrinlegging av prosjektet.

Figurframstillinga gjev eit uttrykk for korleis preferansane vert vegde saman i betalingsviljeundersøkingar. Vi ser at målemetoden med kroner som måleeining gjev eit uttrykk for samfunnet sine preferansar som ligg nærmere miljøvernaren sine preferansar enn når miljø er måleeining. Slik kan uttrykket for samfunnet si totale vurdering gje motstridande tilrådingar alt etter måleeining.

Er så dette berre marginale effekter, eller vil det verkeleg ha noko å seie i faktiske analysar? Dersom det berre er mindre forskjellar på betalingsviljen målt på den eine eller andre måten, kan dette inngå som ein del av uvissa som alltid knyter seg til slike undersøkingar. Rekne-eksempelet framfore tok utgangspunkt i to individ med ekstremt ulike avvegingar, og ga svært store forskjellar i dei to måtane å

³ Det kan provast at I_b alltid vil vere brattare enn I_a i krysningspunktet.

måle på. Var dette dømet ekstremt, eller har dei fleste ganske like preferansar slik at val av måleining ikkje har så mykje å seie? Strand (1985) har gjort ei undersøking av betalingsviljen for halvering av luftutslepp i Norge. Ved å ta utgangspunkt i dei individuelle data bak denne undersøkinga, viser Brekke (1993) at betalingsviljen er 22 gongar større når ein brukar kroner som måleining enn når ein måler i miljøeininger. Den samanvegde betalingsviljen for halvering av luftutslepp ga 685 kroner som resultat når kroner var måleining. Når miljøet var måleining, fekk dei same mikrodata andre vekter og ga berre 31 kroner som resultat. Val av måleining kan med andre ord få store konsekvensar i den praktiske miljøpolitikken.



*Annegrete Bruvoll, cand. oecon
fra Universitetet i Oslo, 1988,
er førstekonsulent i
Statistisk sentralbyrå*

2. Kva eining skal ein velje?

Er det no slik at ei av måleiningane utpeikar seg som riktigare å bruke enn den andre? Eit argument for å bruke kroner som måleining, er at det er muleg å utføre *sidebetalinger* med pengar, noko som ikkje er muleg med miljø. Dersom den samla betalingsviljen overstig kostnadane, kan alle få det betre ved at dei som er villige til å betale meir enn det kostar kompenserer dei som tapar. I rekne-ekspelet ser vi at den samla betalingsviljen er 100.01 kroner, medan miljøbetringa berre kostar 2 kroner samla, 1 krone for kvar. Her er det rom for at begge betaler mindre enn dei er villige til, og altså får det betre begge to. Til dømes kan Frik betale 1.995 kroner, ho er jo villig til å betale 100 kroner, så ho får mykje att for pengane uansett. Då treng ikkje Japp betale meir enn eit halvt øre, ho var i utgangspunktet villig til å betale eit øre. På denne måten vil begge ynske prosjektet gjennomført, uansett vekting av interesser vil prosjektet vere samfunnsøkonomisk lønsamt.

Dette høyrest greit ut i teorien, men slike sidebetalinger er vanskelege å setje ut i livet. I praksis krev dette at ein går ned på individnivå når ein skal samle inn pengar til prosjektet. Som nemnt i innleiinga kan det argumentera for at *potensielle* (men ikkje gjennomførte) *sidebetalinger* er tilstrekkelege. Argumentet er at urettferda vil jamne seg ut i det lange løpet. Men nettopp systematisk favorisering av ulike interessegrupper er eit problem for dette argumentet. Dette har vi omtala tidlegare i Sosialøkonomien, sjå Brekke m.fl. (1993).

Det er eit naturleg utgangspunkt å bruke kroner som måleining når «alt anna» vert verdsett i kroner. Når kollektive gode og marknadsgode skal samanliknast bor vel utgangspunktet vere mest muleg likt? Problemet er at verdsetjinga av kollektive gode er vesensforskjellig frå verdsetjinga av marknadsgode. Diskusjonen går ikkje på korleis

verdien blir uttrykt, men korleis dei ulike interessene til dei som oppgjev sin personlege pris på miljøet blir målte saman. Som vi ser både i tabell 1 og figuren kan ein rekle ut kroneprisen for miljøet både når ein brukar miljø og når ein brukar kroner som måleining i samanveginga.

Forskjelen på kollektive gode og marknadsgode er her at betalinga for marknadsgode er frivillig. Samla gjev omsetjinga av bananer samfunnsøkonomisk overskot, sidan ingen blir tvinga til å kjøpe fleire enn ein har lyst på. For skattefinansierte miljøgode derimot, er vurderinga om samfunnsøkonomisk lønsemd avhengig av vektlegginga mellom dei som blir tvinga til å betale for mykje og dei som gjerne kunne betalt meir.

Lik grensenytte av pengar eller av miljø?

Sjølv om ein meiner det er nok at vinnarane kan kompensere taparene, må ein likevel ta stilling til problemet med samanlikning av nytte mellom personar. For at nytten til to individ skal kunne samanliknast, må ein ha eit felles samanliknings-grunnlag. Mange analysar byggjer på at alle djupast sett har dei same verdiane. Det vil seie at alle har den same interpersonlege samanliknbare nyttefunksjonen.

For å analysere dette treng vi ein velferdsfunksjon; ein samanheng mellom individuell nytte og sosial velferd. Vi får fram hovudpoenga ved å velje den enklaste varianten, der total velferd er lik summen av alle enkeltpersonar sin nytte. Eit prosjekt aukar då velferden dersom summen av alle dei individuelle nytte-endringane er positiv. Har alle same grensenytten av pengar, vil prosjektet auke velferden når den totale nytten i kroner er større enn kostnadane. Dersom alle har same grensenytten av miljø derimot, vil det svare til å velje miljø som måleining. Spørsmålet er dermed redusert til kva for føresetnad som er mest rimeleg; har alle same grensenytten av pengar, eller har alle same grensenytten av miljø?

At ein får forskjellige svar i spørjeundersøkingar, viser nettopp at den marginale nytten av miljø og/eller pengar er forskjellig. Korleis kan ein så forklare dette i tråd med føresetnaden om ein felles nyttefunksjon?

Har alle same tilgang til og nytte av miljø?

Dersom alle har same grensenytten av miljø, skulle miljø vere rette måleininga. Forskjellig betalingsvilje kan då forklaraast ved at inntekta ikkje er den same for alle. Desto høgare inntekt desto mindre er nytten av ei krone ekstra, og desto meir er ein villig til å betale for eit

Måleeining av nytte-kostnadsanalysar

betre miljø, noko som reflekterer fallande grensenytte av pengar.

Enkelte gode er rimeleg likt fordelt på alle innbyggjarane, som til dømes ozon-lag og reint regnvatn. For slike miljøgode er det sannsynleg at grensenytten er forholdsvis lik for alle. Andre gode derimot, som til dømes luftureining frå trafikken eller tilgang til ein bestemt nasjonalpark, kan variere mykje også innanfor mindre geografiske område. I slike tilfelle kan ein argumentere for å bruke miljø som måleeining når ein måler ei geografisk avgrensa folkegruppe si verdsetjing. Ser ein derimot på heile folket si verdsetjing, er det sannsynlegvis stor variasjon i grensenytten for folk i ulike delar av landet. Korvidt miljø er riktig å bruke som måleeining må altså vurderast i lys av kva miljøgode ein ser på og for kva gruppe, med andre ord; kor lik er grensenytten av dette spesielle miljøgodet for medlema i denne spesielle gruppa?

Det er vidare ein sterk føresetnad at nyttstrukturen er den same for alle; at alle har same nytte av miljø når miljøet er likt for alle. Nytten av reinare luft og større rekreasjonsområde vil også vere avhengig av sensitivitet overfor luftureining og glede av utfukter i friluft. Vurderinga av variasjonen i den marginale nytten vil altså vere avhengig av kva miljøgode det er snakk om. Har ei gruppe om lag same livsstil, helse og tilgang til det aktuelle miljøgodet, kan det tale for å bruke miljø som måleeining.

... eller av pengar?

Sjølv om miljø er eit fellesgode som alle har tilgang til, kan det altså opplevast ulikt. Om lufta kjennest rein for ein frisk person, kan ho vere plagsamt ureina for ein astmatikar. Astmatikaren har derfor truleg høgare grensenytte av miljøet enn andre, samtidig som nytten av høgare inntekt kan vere den same. Slike moment tyder på at pengar er ei god måleeining.

Det er altså ein føresetnad at den marginale nytten av pengar er lik for alle dersom kroner skal brukast som måleeining. Inntektene varierer både over livsløpet og mellom personar, og ein med lite pengar verdset rimelegvis ei krone høgare enn ein som er svært rik. Det er dermed ein lite realistisk føresetnad at marginalnytten av kroner er den same for alle som blir spurde i ei undersøking om betalingsvilje. Men desto jamnare innteksfordelinga er, desto betre kandidat er kroner som måleeining. Likevel finst det også innan ei inntektsgruppe dei som er meir eller mindre opptekne av pengar. Som illustrert i figuren, kan ein ha ulike vurderingar om kva som er viktig sjølv om ein startar ut med akkurat same inntekt og tilgang til miljø.

Grunnen til at folk gjev opp ulik betalingsvilje er samansett. Både inntekt og tilgang til miljø kan vere svært ulikt fordelt og bidra til ulike verdsetjingar. I tillegg er truleg folk så forskjellige i tankegang og levemåte at nytten av miljø og inntekt vil vere ulik også om alle ytre forhold er like. I så fall må idéen om eit felles verdigrunnlag forkastast, og ingen av dei to måleeiningane vil utpeike seg prinsipielt framfor den andre.

Sjølv om ein i enkelttilfelle kan argumentere sterkare for ei spesiell måleeining, er det altså ingen av dei som generelt er teoretisk meir velbegrunna enn den andre.

3. Konklusjon

I dette notatet har vi vist at val av måleeining-har mykje å seie for korleis ein vektlegg ulike interessegrupper. Dette kan vidare få konsekvensar for vurderinga av om ein skal gjennomføre offentlege prosjekt.

For å unngå problemet med måleeining, kan ein gjennomføre nytte-kostnadsanalysen med fleire måleeiningar. Er ein heldig, kan resultatet gje same konklusjon om korvidt prosjektet bør gjennomførast. I så fall kan prosjektet forvarast samfunnsøkonomisk, uavhengig av måleeining. Dette vil i figuren tilseie at både Y_a og Y_b ligg til venstre for Y_1 . Som nemnt viste ein test av ei tilfeldig valt spørjeundersøking at $Y_0 - Y_a$ var 22 gongar større enn $Y_0 - Y_b$. Det tyder på at ein slik framgangsmåte vanlegvis ikkje vil gje klare konklusjonar.

Fra eit miljøvern-synspunkt er det kanskje taktisk klokt å ta til orde for auka bruk av miljøprising. Det ser likevel ut til at nytte-kostnadsanalysar blir mottekne med ein viss skepsis av politikarane. Studie av samferdsle-investeringar tyder på liten samanheng mellom resultata frå nytte-kostnadsanalysar og prioriteringar i vegsektoren. Odeck (1991). Kan noko av forklaringa vere nettopp uvisse om metodegrunnlaget for handsaminga av interessekonflikter?

Måling av betalingsvilje gjev altså ikkje eit einstydig svar på samfunnet si avveging mellom inntekt og miljø. Gjennomsnittleg betalingsvilje utrekna på den tradisjonelle måten viser derfor berre ein av uendeleg mange måtar å prioritere mellom interessegrupper. Brukaren må ha tilgang til mikrodata for å kunne rekne ut kva miljøprisar ein ville fått med andre prioriteringar. Kanskje må ein gje opp tanken på at det finst sanne svar på kva som er samfunnsøkonomisk lønsamt. I staden for eit ja-eller-nei svar kan ein gje deskriptiv informasjon om konsekvensane av prosjektet; kven det får konsekvensar for og korleis. Idéen med demokratiet er trass alt at vi alle skal vere med å diskutere prioriteringane, ikkje at den beste prioriteringa skal fastsettast av ekspertar.

REFERANSAR:

- Brekke K.A., Bruvoll A., Lurås H., Nyborg K., (1993): Nytte-kostnadsanalyser og miljøprising. En moralfilosofisk kritikk. Sosialokonomen nr. 7.
- Brekke K.A., (1993): Do Cost Benefit Analysis favour Environmentalists? Discussion Paper no.84. Statistisk sentralbyrå.
- Drezze J., Stern N., (1987): The Theory of Cost Benefit Analysis. Handbook of Public Economics II, North Holland.
- Odeck, J., (1993): Om nytte-kostnadsanalyseres plass i beslutningsprosessen i vegsektoren. Sosialokonomen nr. 3.
- Strand J., (1985): Verdsetting av reduserte luftforurensinger frå biler i Norge. Memorandum nr. 1. 1985. Sosialokonomisk Institut, Universitetet i Oslo.